

Årsrapport 2021

COOP HORDALAND SA





Innhald



- 4. Leiar
- 6. Litt historie
- 8. Intervju med medeigar
- 12. Prosjekt i 2021
- 14. Smaken av Vestlandet
- 20. Styrets årsmelding
- 22. Resultatrekneskap
- 24. Balanse
- 26. Kontantstrømanalyse
- 28. Noter
- 46. Revisors beretning
- 50. Året 2021
- 55. Medarbeidarar og miljø
- 58. Menneska i Coop Hordaland
- 62. Helse, arbeidsmiljø og tryggleik
- 63. Bærekraft og samfunnsansvar
- 66. Omsyn for menneske, miljø og samfunn
- 72. Framtidsutsikter
- 74. Økonomi
- 76. Nøkkeltal
- 77. Fortsatt drift og finansiell risiko
- 78. Årets resultat
- 80. Butikkoversikt

DESIGN: TADA Reklamebyrå | FOTO: Haakon Nordvik og ToveLise Mossestad | TRYKK: HBO

Leiar

Lise Skarpås, Administrerende direktør



2021 vart nok eitt år, sterkt prega av pandemi, beredskap, særeigne rutinar og driftstilpassingar. Håpet me gjekk inn i året med om ein snarleg normalisert kvardag og brei vaksinasjon av befolkninga, skulle likevel la venta på seg. I staden vart det full nedstenging av kjøpesenter og dei fem byggvarehusa våre i delar av februar. Ein fenomenal og ekstraordinær innsats frå alle medarbeidarar og ei god netthandelløysing, gjorde det mogleg å halda oppe omsetning og servicegrad for kundar og medeigarar via «klikk&hent» i ein ekstra krevjande periode.

Som i fjor, er ekstraordinær innsats eit nøkkelomgrep som gjeld for alle medarbeidarar på tvers av samvirkelaget, kjede og funksjon òg i 2021. Også i år har me sett ei usedvanleg evne til å stå i front, yta det vesle ekstra både for kollegaer og for kundar og medeigarar. Dette viser seg òg i kundetilbakemeldingar på «Dei tilsette er fantastiske» som i 2021 fekk det høgaste resultatet nokonsinne – eit All Time High-resultat som me er stolte av og som, ikkje minst, er vel fortent!

Også i år har me sett ei usedvanleg evne til å stå i front, yta det vesle ekstra både for kollegaer og for kundar og medeigarar.

Med doble dosar av vaksine for brorparten av befolkninga, kunne me endeleg helse gjenopning av samfunnet velkommen ein laurdag i september. I denne perioden såg me òg ei dreining tilbake til handlemønstera før pandemien; i daglegvare hamstra me mindre og handla oftare igjen, innanfor byggvaresegmentet såg me at snittkjøpet auka, medan frekvensen gjekk noko ned igjen.

Etter aukande smittetrykk gjennom seinhausten og ein «booster-dose» seinare, kan me sjå tilbake på ei svært god omsetning og eit svært godt resultat i 2021. Dette har mellom anna resultert i historias nest høgaste utbetaling av kjøpeutbytte og medlemsbonus. Me har derfor med glede utbetalt heile 76 millionar kroner dette året til medeigarane våre.

Derfor: Takk for alle gode kunde- og medeigarmøte i butikk i 2021 – heile 12 millionar gonger har me faktisk treft kvarandre i butikkane og varehusa våre i løpet av året.

Me held fram jobben med å optimalisera butikkporteføljen vår og i 2021 investerte me i ytterlegare oppgraderingar og omprofileringar av butikkar.

I tillegg opna me òg ein ny butikk i Bergen. Butikken, Extra Eidsvåg, opna i november og er den 20. butikken vår i Extra-kjeda. Investeringane me gjer skal skapa endå betre og nye kundeopplevingar. Samtidig oppgraderer me butikkane våre med nye, framtidsretta og berekraftige løysingar for å redusera klimaavtrykket vårt ytterlegare.

Me er forhåpentleg no inne i ein ny fase av det som kallast den «nye normalen». Frå pandemiperioden tek me med oss mange fine eigenskapar, mellom anna verdien av samhold, rausheit, erfaringsdeling, «kaos-pilotering» og kreativ problemløysing. Med alle gode kollegaer, styret, tillitsvalde og medlemsvalte, kundar og medeigarar på laget, er eg sikker på at me også i 2022 skal la det **«lønna seg å velja Coop»** for oss alle.

Lise Skarpås

Administrerende direktør

Litt historie



Coop Hordaland er Noregs eldste samvirkelag, og i mai 2022 feirar me 155 års virke.

3. mai 1867 utskreiv kong Carl 15. handelsbrev til Arne Forbrugsforening, eit handelsbrev som vart gitt under handa og seglet til kongen.



Førespurnaden til kongen kom frå driftige industrimenn i Ytre Arna, som tok initiativ til å byggja opp det første samvirkelaget i landet; Arne Forbrugsforening.


I det første driftsåret sitt, omsette Arne Forbrugsforening for 2121 spesidalar, ca 8500,- i datidas kroner.



Stadig fleire yngre medeigarar



Den gode utviklinga av antal nye Coop Hordaland-medeigarar heldt fram i 2021, med nesten 10.000 nye medeigarar. Stadig fleire yngre melder seg inn, og heile 64 % av dei innmelde i 2021 er under 40 år.



Ein av dei som har vore medeigar i rundt eitt år er 35 år gamle Kristina Lynn Bourbois. Ho er særst nøgd med medlemskapet sitt so langt.

—Alle erfaringane har vore så gode! Eg er så fornøgd med servicen og fordelane eg opplev, og med alle produkta eg bruker, fortel Kristina Lynn, som bur på Søreidgrend i Bergen, og er blant Coop Hordaland sine no rundt 160 000 medeigarar.

Skreddersydd til kvar medeigar
Sjølvtart ho medeigar etter å ha handla i ein Obs-butikk, der ho ved kassen vart fortalt om dei unike fordelane og rabattane ho kunne få som medeigar. Ho vart raskt overtydd, og har ikkje angra eit sekund.

—Dei beste fordelane er heilt klart rabattkupongane og dei vekentlige tilboda. Eg likar òg godt måten Coop-appen loggfører produkta du kjøper, og iblant gir deg nyttige verdikupongar for dei same produkta etterpå, seier Kristina Lynn.

Med Coop sin medlemsapp på telefonen ligg alle kupongane lett tilgjengeleg, og kan aktiverast når

kunden sjølv ønsker det—skreddersydd til kvar enkelt medeigar sitt handlemønster.

Unike produkt og godt utval
For kvar einaste gong Kristina Lynn fyller handlekorga får ho òg minst ein prosent kjøpeutbytte—sjølv grunnpilaren i Coop, kor overskotet går tilbake til nettopp medeigarane.

Kristina Lynn har fleire favorittprodukt ho fyller handlekorga med.

—Favorittprodukta mine er X-tra kyllinglår, Coop Sprudle og Coop Frii saftdrikk. Unike produkt som ingen andre butikkar tilbyr, seier Kristina Lynn, som generelt har X-tra som favorittmerke.

Ho rosar nærbutikken sin, Extra Søreide, som er hennes føretrekte val for handleturane.

—Ein veldig flott butikk med godt utval, gode prisar og hjelpsame ansatte, seier Kristina Lynn fornøgd.

Visste du at ...?

- I 2021 melde 9740 medeigarar seg inn i Coop Hordaland
- Totalt per 31.12.21 hadde Coop Hordaland 159 939 medeigarar
- 64% av dei som melde seg inn i 2021 er under 40 år

Attraktiv og aktuell medeigarmodell

Marianne Sørensen Løberg er Ansvarlig for medeigar & eigenart i Coop Hordaland. Ho fortel at stadig fleire yngre medeigarar melder seg inn. 42% av dei som melde seg inn i 2021 er under 30 år, medan heile 64% var under 40 år. Til samanlikning var 35% under 30 år i 2017.

Løberg trur det er fleire grunnar til denne aukinga.

—Coops eigarform med delingsøkonomi og eigenart skiljer oss frå konkurrentane. Fleire yngre er meir medvitne om dette i dag, seier Løberg, og held fram:

—Dette er òg eit teikn på at Coop sin medeigarmodell er både attraktiv og aktuell, i tillegg til at fordelane, som blant anna Extra sin baby-bonus på 20% i alle Extra-butikkar, Frukt & Grønt-rabatten, og alle verdikupongane, appellerer godt.

—Eg trur òg at stadig fleire, spesielt yngre, blir Coop-medeigarar fordi det er enklare å melde seg inn, me framstår meir tilgjengelege, og det kjem tydeleg fram kva fordelar ein faktisk opplev som medeigar, avsluttar Løberg.



Kristina Lynn Bourbois
Medeigar

Større butikkprosjekt 2021



- Extra Eidsvåg, ny butikk
- Coop Prix Strandebarm, omprofilert fra Coop Marked
- Obs Sartor, oppgradert
- Obs Vestkanten, oppgradert
- Obs Bygg Lagunen, oppgradert
- Obs Bygg Midtun, oppgradert
- Obs Bygg Åsane, oppgradert
- Extra Øystese, oppgradert
- Extra Vik, oppgradert
- Extra Skulestadmo, oppgradert





Smaken av Vestlandet

Smaken av Vestlandet er Coop Hordaland sitt samarbeid med lokale matleverandører.

Interessa for lokal mat og drikke vert større og større. Under pandemien har me sett at forbrukar verkeleg har trykka lokal mat og drikke til hjartet sitt.

Coop Hordaland har i mange år samarbeida med lokale matleverandører. Kortreiste kvalitetsprodukt er tydeleg etterspurd av kundane, og lokale satsingar er kanskje viktigare enn nokon gong, både for Coop, matleverandørane og produsentane.

– Me har over lang tid hatt eit tett og godt samarbeid med store leverandørar av lokalmat, som til dømes Generasjonsmat og Spesial-grossisten Troye, som igjen har opparbeida seg eit bredt sortiment av lokalmat i samarbeid med lokale produsentar som Vossakjøt, Fana Kjøtt og Marthas Salater, fortel Torbjørn Göl-Hausberg, driftssjef i Obs.

Han oppgjer fleire grunnar til kvifor slike samarbeid er så viktige som dei er – kanskje meir enn nokon gong.

– Kunden er sjefen! Me har over tid sett tydeleg etterspurnad frå våre kundar rundt lokalmat, og at dette er noko kundane våre ofte føretrekk. Berekraftig mat har òg blitt ein viktig faktor i klimaspørsmålet, noko kunden har blitt veldig medviten om, og tar val basert på, seier Göl-Hausberg, og legg til enno ein årsak:

– I tillegg har kortreist mat og vern av lokale arbeidsplassar fått ekstra fokus gjennom to år med pandemi, så me ser ein stadig aukande etterspurnad etter dette hos oss.

Sterke, trygge, og langvarige samarbeid

Göl-Hausberg legg til Coop si rolle som ein viktig samfunnsaktør, som kan vera med å bidra til å halde lokale produsentar levedyktige.

– Me ser særleg i seinare tid at det globale biletet med eitt kan endra seg markant, som igjen får konsekvensar for både tilgang til råvarer, folk sin økonomi og vår eigen evne til å møte desse utfordringane lokalt. Sterke, trygge og langvarige samarbeid med lokale produsentar er derfor viktig, òg i eit større bilete.

Dei lokale produkta får eigne plassar i Coop-butikkane, og produkta er godt merka for å gjera det enkelt for kundane å navigera. I tillegg køyrer dei hyppige kampanjar i samarbeid med leverandørane.

– Me ser nytten av å gi kunden ein ekstra god grunn til å velja lokalmat, og då er pris ein viktig faktor for å skapa motivasjon. Kundane skal vera trygg på at dei får god verdi for pengane i våre butikkar, òg på lokalmat, seier Göl-Hausberg.

For oss er det viktig
å vera tilgjengeleg i ei
så stor kjede som Coop.

«Smaken av Vestlandet»

Med det lokale konseptet og satsinga «Smaken av Vestlandet», er det no satt eit enno tydelegare fokus på kortreiste produkt.

– Me såg etterkvart behovet for å løfta satsinga vår nokre hakk, og samla oss meir som eit samvirkelag. I den samanheng utvikla me konseptet «Smaken av Vestlandet», ein felles aktivering og annonsering av utvalde lokalmatvarer over 14 dagar, tre gonger i året, med tilgjengelege tilbod for alle bebuarar i Hordaland.

Målet er å treffa bredt, då det er tydeleg at lokalmat og kundens eigen tilknytning og heimstad er viktig, ifølge Göl-Hausberg.

– Me ser til dømes at Vossakjøtt sine produkt er veldig populære i Voss-regionen, mens Marthas Salater er bestselgarar på Sotra. Det vitnar om viktigheten av kvar produsenten høyrer heime, og kvar kundane bor. Dette er òg tendensar som Steinar Gjerstad, Daglig Leder Dagligvare i Spesialgrossisten Troye AS, tydeleg ser.

– Interesse for lokal mat og drikke vert større og større. Under pandemien har me sett at forbrukar verkeleg har trykka lokal mat og drikke til hjartet sitt. Det å støtta opp om tradisjonar, og ikkje minst vera med på å sikra lokale arbeidsplassar, har vore særskild viktig for forbrukarane, seier Gjerstad.

Stor utval i alle butikkar

Gjennom Godt Lokalt, som er eit verdibasert konsept, tilbyr Spesialgrossisten Troye eit sortiment frå fleire enn 40 lokale produsentar,

blant anna Grillskinke frå Fana Kjøtt, Bønes Ekte Servedat, Salater frå Marthas, Ørret og Laks frå Sotra Sjømat, Egg frå Bakketun, og Vossakjøtt.

I alle Coop Hordaland-butikkar kan kunden finne eit stort utval frå dei lokale produsentane.

– Coop Hordaland er ein utrueleg stor og viktig samarbeidspartner for oss. Saman jobbar me kvar dag, gjennom marknadsføring og gode eksponeringar, for å setje fokus på lokal mat og drikke, seier Gjerstad.

– Kva er favorittproduktet på Vestlandet?

– I meir enn 30 år har Fana Kjøtt si Grillskinke vore det største lokalmatproduktet. Dette favorittpålegget er i dag blitt eit begrep i heile daglegvarehandelen. I tillegg må òg Bønes sin Ekte Servedat nemnast. Dette er eit «erkebergensk» fenomen, som stort sett lever sitt liv i Vestland fylke, fortel Gjerstad.





22 år langt samarbeid

At Fana Kjøtt si Grillskinke er storfavoritten, kan òg Tore Paulsen i Fana Kjøtt bekrefte.

– Kundanes favorittprodukt er Grillskinke, den er heilt klart marknadsleiande i Bergen. Litt av grunnen til at den og andre påleggsvariantar sel mykje, er godt gamaldags handverk. Me har fire dyktige pølsemakarar som er stolte av jobben sin, og som lagar kvalitetsprodukt for hand, seier Paulsen.

Fana Kjøtt, som vart starta i 1987 av Paulsen sin far, og som i dag vert drive av Paulsen sjølv saman med bror hans, leverer kvalitetsprodukt til den lokale marknaden i Bergen. Heilt sidan 2000 har dei samarbeida med Coop Hordaland.

–For oss er det viktig å vera tilgjengeleg i ei så stor kjede som Coop, seier Paulsen, som fortel at interessa for lokalmat er stor, og at utviklinga har vore positiv i mange år.

Noregs beste skinke

Fana Kjøtt kan blant anna skilte med fleire medaljar og prisar for sine lokale produkt.

–Me har fleire gullmedaljar i NM for produkta våre, og seinast i 2021 vant me NM-gull og Norgesmester for vår Delikatessskinke i kategorien Norges beste skinke, fortel Paulsen.



Jarle Kleppevik
Fana Kjøtt

Styrets årsmelding



Coop Hordaland driv ved utgangen av 2021 detaljhandelsverksemd i regionen Hordaland i tillegg til Flåm og Vik i Sogn.

Verksemda er konsentrert rundt vareområda daglegvarer, bygg, elektrisk, sport/fritid, klede/sko og hus/heim. Servicekontoret ligg på Kokstad i Bergen.



Coop Hordaland er eit samvirkeføretak med i underkant av 160 000 medeigarar per utgangen av 2021. Talet på samvirkelag og samla talet på medeigarar ved same tidspunkt var hhv 62 lag og heile 1,9 millionar medeigarar. I tillegg til samvirkelaga, utgjør Coops verksemd i Noreg òg fellesorganisasjonen, Coop Norge AS, med tilhøyrande dotterselskap.

Formålet med samvirket og verksemda er å forsyne medeigarar og medlemmer med gode, kvalitets- og formålstenlege varer og tenester til konkurransedyktige prisar. Medeigarar kan gjennom innverknaden sin i valde organ i verksemda, søkja å ta vare på interessene sine som forbrukarar. På den måten tener verksemda òg som interesseorganisasjon for medeigarane våre.

Coop Hordaland driv forretningsverksemd både innanfor daglegvare og byggvare. Og verksemda har 44 butikkar og varehus innanfor følgjande Coop-konsept; Obs bygg, Coop Byggmix, Obs, Extra, Coop Prix og Coop Marked. Innanfor Obs-konseptet finst vareområde som daglegvarer, sport/fritid, klede/sko, elektrisk/underhaldning, og hus/heim.

Coop Hordaland vart etablert i 2001 etter ein fusjon med seks sjølvstendige samvirkelag i regionen. I 2015 fusjonerte samvirkelaget òg med Coop Jondal.

Coop Hordaland har eitt heileigd dotterselskap, holdingselskapet Coop Eiendom Vest AS. Coop Eiendom Vest driftar og leiger ut næringseigedom i 13 heileigde dotterselskap.



Resultatrekneskap

01.01 - 31.12		MORSELSKAP		KONSERN	
(Tal i hele tusen)	NOTE	2021	2020	2021	2020
Driftsinntekter og driftskostnader					
Salsinntekt	1,19, 20	3 844 119	3 955 573	3 844 119	3 955 573
Kjøpeutbyte til eigne medlemmer	1	-39 706	-41 471	-39 706	-41 471
Salsinntekter netto		3 804 413	3 914 102	3 804 413	3 914 102
Varekostnad		3 002 584	3 087 585	3 002 584	3 087 585
Bruttovinning		801 829	826 517	801 829	826 517
Andre driftsinntekter	19	68 294	64 834	76 575	75 994
Sum andre driftsinntekter		68 294	64 834	76 575	75 994
Netto driftsinntekter		870 123	891 351	878 404	902 511
Driftskostnader					
Lønskostnader	2, 10	420 214	411 851	420 214	411 851
Ordinær avskrivning	3	53 009	55 405	63 815	66 424
Andre driftskostnader	2	305 861	309 839	283 866	288 225
Sum driftskostnader		779 084	777 095	767 895	766 500
Driftsresultat		91 038	114 256	110 508	136 011
Finansinntekter og finanskostnader					
Andre finansinntekter		17 880		439	427
Andre finanskostnader		-2 500	2 583	-2 495	25 129
Renteinntekter		4 545	3 828	7 072	7 343
Rentekostnader		8 980	9 449	17 142	21 265
Nedskrivning av andre finansielle anleggsmidler		2 500	1 960		
Resultatandel tilknytt selskap	18			7 206	2 630
Netto finansresultat		13 445	-10 165	70	-35 995
Ordinært resultat før skattekostnad		104 483	104 091	110 578	100 016
Skattekostnad	11	24 850	24 606	24 648	23 057
ÅRSRESULTAT		79 633	79 485	85 930	76 959
Majoritet sin andel				86 122	76 907
Minoritet sin andel				-192	52
Overføringer					
Overført til/fra anna egenkapital		79 633	79 485		
Sum overføringer		79 633	79 485		



Balanse

31.12.2021		MORSELSKAP		KONSERN	
(Tal i hele tusen)	NOTE	2021	2020	2021	2020
EIGENDELAR					
Immaterielle eigendelar					
Utsett skattefordel	11	14 690	14 093	11 187	9 889
Sum immaterielle eigendelar		14 690	14 093	11 187	9 889
Varige driftsmidler					
Tomter og bygningar	3,13	103 422	114 112	498 957	517 837
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskiner o.l	3,13	207 722	181 214	208 047	181 350
Sum varige driftsmidler		311 144	295 327	707 004	699 187
Finansielle anleggsmidler					
Partsinnskot i Coop Norge	4	34 369	34 369	34 369	34 369
Investeringar i aksjer og andeler	5	362 229	355 072	646	646
Investeringar i tilknytta selskap	18	-	-	217 870	200 579
Ansvarlege lån til tilknytta selskap	5,7	69 869	69 864	22 259	17 734
Andre fordringar	7,12	9 735	9 518	9 735	9 518
Sum finansielle anleggsmidler		476 201	468 823	284 877	262 846
Sum anleggsmidler		802 036	778 242	1 003 069	971 923
Omlaupsmidler					
Varebeholdning	6,13	325 150	294 880	325 150	294 880
Fordringar					
Kundefordringar	12	3 809	8 117	6 404	12 357
Kortsiktige fordringar		88 319	122 792	70 614	124 081
Sum fordringar		92 128	130 910	77 018	136 438
Bankinnskot, kontantar o.l					
Bankinnskot, kontantar o.l.	14	191 737	108 371	371 013	243 064
Coop Norge SA plasseringskonto		268 888	106 918	268 888	106 918
Sum bankinnskot, kontantar o.l		460 625	215 289	639 901	349 982
Sum omlaupsmidler		877 903	641 079	1 042 069	781 300
SUM EIGENDELAR		1 679 938	1 419 321	2 045 138	1 753 223

31.12.2021		MORSELSKAP		KONSERN	
(Tal i hele tusen)	NOTE	2021	2020	2021	2020
EIGENKAPITAL OG GJELD					
Innskoten eigenkapital					
Ansvarsinnskot	8,9	47 964	45 359	47 964	45 359
Sum innskoten eigenkapital		47 964	45 359	47 964	45 359
Minoritet		0	0	348	540
Opptjent eigenkapital					
Felleseigd ansvarskapital	9	20 926	20 926	0	0
Reservefond	9	22 821	22 821	0	0
Utbyttefond	9	35 317	35 317	0	0
Annan eigenkapital	9	326 212	246 579	0	0
Fond		0	0	407 679	321 557
Sum opptent eigenkapital		405 276	325 643	407 679	321 557
Sum eigenkapital		453 240	371 002	455 991	367 456
Avsetjing for forpliktelser					
Pensjonspliktar	10	8 526	8 321	8 526	8 321
Sum avsetjing forpliktelser		8 526	8 321	8 526	8 321
Anna langsiktig gjeld					
Gjeld til kredittinstitusjonar	13,17	0	0	225 600	235 200
Medlemsinnskot, langsiktige	13,15,17	767 409	564 831	767 409	564 926
Sum anna langsiktig gjeld		767 409	564 831	993 009	800 126
Kortsiktig gjeld					
Leverandørgjeld	12	32 316	50 196	27 805	50 545
Betalbar skatt	11	25 507	25 216	26 007	25 461
Medlemsinnskot, kortsiktige	15	219 522	207 975	219 522	207 975
Gjeld til kredittinstitusjonar		0	0	150 437	117 717
Gjeld til det offentlege		57 663	61 110	59 890	61 391
Skyldig kjøpeutbytte		46 830	48 198	46 830	48 198
Anna kortsiktig gjeld	12,16	68 926	82 473	57 122	66 032
Sum kortsiktig gjeld		450 764	475 167	587 612	577 320
Sum gjeld		1 226 698	1 048 319	1 589 146	1 385 767
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		1 679 938	1 419 321	2 045 138	1 753 223

Kontantstrømanalyse

31.12.2021	MORSELSKAP		KONSERN	
(Tal i hele tusen)	2021	2020	2021	2020
Kontantstrømmer fra operasjonelle aktiviteter				
Resultat før skattekostnad	104 483	104 091	110 578	100 016
Betalt skatt/ tilbakebetalt skatt i perioden	-25 216	-6 985	-25 461	-6 985
Ordinære avskrivninger	53 009	55 405	63 815	66 424
Nedskrivning av varige driftsmidler	4 340	0	4 340	0
Endring i varelager	-30 270	48	-30 270	48
Endring i kundekrav	4 308	-2 402	5 953	-4 922
Endring i leverandørgjeld	-17 880	-43 069	-22 740	-43 042
Forskjell mellom kostn.ført pensj. og inn-utbet. i pensj.ordn.	205	-1 661	205	-1 661
Poster klassifisert som investering eller finans akt.	0	0	-7 600	-1 210
Effekt av debetposter i leverandørreskontro	35 404	-105 483	35 404	-105 483
Endring i andre tidsavgrensingsposter	-17 418	41 164	5 561	-2 743
Netto kontantstøm fra operasjonelle aktiviteter	110 966	41 107	139 785	441
Kontantstømmer fra investeringsaktiviteter				
Utbetalinger ved kjøp av varige driftsmidler	-72 698	-52 520	-75 504	-54 823
Utbetaling ved kjøp av aksjer og andeler	-9 657	-1 000	-9 687	-1 000
Utbetaling ved ansvarlige lån til tilknyttede selskaper	-5	-39 017	-4 525	-3 787
Netto kontantstømmer fra investeringsaktiviteter	-82 360	-92 537	-89 716	-59 610
Kontantstømmer fra finansieringsaktiviteter				
Innbetalinger ved opptak av ny langsiktig gjeld	202 578	87 899	202 578	99 956
Utbetalinger ved nedbetaling av langsiktig gjeld	0	0	-9 600	0
Innbetalinger ved opptak av ny kortsiktig gjeld	11 547	4 181	44 267	103 841
Endring i ansvarskapital	2 605	2 779	2 605	2 779
Brutto konsernbidrag	0	-4 303	0	0
Netto kontantstømmer fra finansieringsaktiviteter	216 730	90 556	239 850	206 576
Netto likviditetsendring gjennom året	245 336	39 126	289 919	147 407
Beholdning av kontanter og kontantekv. 1.1.	215 289	176 165	349 982	202 574
BEHOLDNING AV KONTANTER OG KONTANTEKV. 31.12	460 625	215 289	639 901	349 982



Styret i Coop Hordaland

Trygve Lerch Dahl; Styremedlem, valt av tilsette, Lise Jæger; Styremedlem, 1. vara valt av medlemne, Cathrine Henriksen; Styremedlem, valt av tilsette, Ann-Karin Skjønhaug; Styremedlem, valt av tilsette, Per Henrik Stene; Styremedlem, 1. vara valt av tilsette, Jan Ivar Rødland; Styremedlem, valt av medlemne, Trude Jacobsen; Styremedlem, Coop Norge SA, Lise Skarpås; Administrerende direktør, Hilde Førland; Styreleiar, Christine F. Johannessen; Nestleiar/Styremedlem, valt av medlemne, Thomas Samdal; Styremedlem, valt av medlemne.

Noter



Note 1 Rekneskapsprinsipp

Års- og konsernregneskapet for Coop Hordaland SA består av fylgjande delar for morselskapet og konsernet:

- Resultatrekneskap
- Balanse
- Kontantstraumoppstilling
- Notar
- Konsernrekneskap

Årsregnskapet, som er utarbeid av selskapet sitt styre og leiing, må lesast i samanheng med årsmeldinga og revisjonsmeldinga. Når faktiske tall ikkje er tilgjengelig/sikre på tidspunktet for avlegging av rekneskapen, tilsier god regnskapsskikk at leiinga bereknar eit best mogeleg estimat for bruk i resultatrekneskap og balanse. Det kan framkome avvik mellom estimerte og faktiske tal.

Rekneskapen er sett opp i samsvar med dei krava som følgjer av rekneskapslova med forskrifter og god rekneskapsskikk

Grunnleggjande prinsipp - vurdering og klassifisering: Årsrekneskapen er basert på dei grunnleggjande prinsipp om historisk kost, samanliknbare tal, at drifta skal halda fram, kongruens og varsemd. Transaksjonar er rekneskapsført til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekter er resultatført når dei er opptent og kostnader er samanstillt med opptente inntekter. Når faktiske tal ikkje er tilgjengelege/sikre på tidspunktet for avlegging av rekneskapen, tilseier god rekneskapsskikk at leiinga bereknar eit best mogeleg estimat for bruk i resultatrekneskap og balanse. Det kan framkome avvik mellom estimerte og faktiske tal.

Eigendelar /gjeld som relaterer seg til varekrinslaupet og postar som forfell til betaling innan eitt år etter balanse dagen, er klassifisert som omlaupsmiddel/kortsiktig gjeld. Vurdering av omlaupsmiddel/kortsiktig gjeld skjer til lågaste/høgaste verdi av anskaffingskost og verkeleg verdi. Verkeleg verdi er definert som anteke framtidig salspris redusert med forventet salskostnader. Andre eigendelar er klassifisert som anleggsmidlar.

Anna langsiktig gjeld og kortsiktig gjeld er vurdert til pålydande beløp.

Leige: Driftsmidlar som vert leigd på vilkår som i det vesentlege overfører økonomisk risiko og kontroll til selskapet (finansiell leasing), vert balanseført under varige driftsmidlar og tilhøyrande leigeplikter er tatt med som skyldnad under renteberande langsiktig gjeld til noverdien av leigebetalningane. Driftsmiddelet er avskrive planmessig, og skyldnaden er redusert med betalt leige etter frådrag for rekna rentekostnad.

Varige driftsmidlar: Anleggsmidlar vert verdsatt til anskaffingskost. Anleggsmidlar vert avskreve over forventet, økonomisk levetid. Investeringstilskot vert avrekna mot anskaffingskost og reduserer anskaffingskost på dei anleggsmidlane dei er knytt til. Dersom det finn stad ei verdinedgang som ikkje er forbigåande, vert anleggsmiddelet skreve ned i verdi.

Coop Hordaland SA har betydelige investeringar i varige driftsmidlar, immaterielle eiendeler inklusiv goodwill, tilknyttede selskap og datterselskap. Disse anleggsmidlene testes for nedskrivningar når det foreligger indikatorer på mulig verdifall.

Andre aksjer og andeler klassifisert som anleggsmidlar

Aksjer og andeler i datterselskaper, felleskontrollert virksomhet og tilknyttet selskap regnskapsføres etter kostmetoden i selskapsregnskapet. Aksjar og mindre investeringar i selskap der selskapet ikkje har moneleg påverknad, er klassifisert som anleggsmidlar og er balanseført til kost ved kjøp. Investeringane er nedskrivne til virkelig verdi ved verdifall som ein ventar ikkje er forbigåande. Motteke utbyte frå selskapa er inntektsført som finansinntekt.

Andre fordringar klassifisert som anleggsmidlar. Andre fordringar er balanseført til anskaffingskost. Andre fordringar er nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som er venta ikkje å vera forbigåande.

Varer er vurdert til det lågaste av innkjøpskost og netto realisasjonsverdi. Det vert avsett for påreknelig ukurans på verdien av varelageret.

Fordringar: Kunde krav og andre fordringar er oppført til pålydande etter frådrag for avsetnad til forventet tap. Avsetnad til tap er gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei einskilde krava.

Bankinnskudd, kontanter o.l. inkluderer kontanter, bankinnskudd og andre betalingsmidlar med fallsdato som er kortere enn tre månader fra anskaffelse.

Pensjonspliktar og pensjonskostnad:

AFP-ordning er ikkje ei førtidspensjonsordning, men ei yting. Ordninga er ei ytingsbasert fleireforetaksordning. Det er selskapet si oppfatning at det foreløpig ikkje har tilstrekkeleg informasjon om fordeling av pensjonskostnad, pensjonsforplikter og -midlar i ordninga kor påliteleg måling kan gjerast innanfor ei balansert kost/nytte-vurdering. Selskapet behandlar difor ordninga rekneskapsmessig som ein innskottsplan der premiebetalingar kostnadsførast løpande. Det er ingen avsetnad for pliktene i rekneskapet. Slik Fellesordningen har lagt opp finansieringsstrukturen tilknytta ny AFP forventast fakturert premie å auka i åra framover. Når eller viss tilstrekkelege data foreligg på ein tilgjengelig måte slik at berekningar kan gjerast, kan det ikkje utelukkast at plikta som må innarbeidast vil vere betydeleg.

Utsett skatt og skattekostnad:

Utsett skatt er berekna på bakgrunn av mellombelse skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar ved utgangen av rekneskapsåret. Ved berekninga er nominell skattesats nytta. Positive og negative skilnader er vurdert mot kvarandre innanfor same tidsintervall. Somme postar er likevel vurdert einskilt, herunder pensjonsplikter. Utsett skattefordel oppstår i fall ein har mellombelse skilnader som gjev opphav til skattemessige frådrag i framtida. Endringar i utsett skatt og utsett skattefordel, saman med betalbar skatt for inntektsåret, korrigerer for feil i berekningane for tidlegare år, utgjer årets skattekost-

nad. Skattekostnaden er samanstilt med rekneskapsmessig resultat før skatt. Skatt knytt til eigenkapitaltransaksjonar er ført mot eigenkapitalen. Skattekostnaden består av betalbar skatt (skatt på året si direkte skattepliktige inntekt) og endring i netto utsett skatt. Skattekostnaden er fordelt på ordinært resultat og resultat av ekstraordinære postar i høve til skattegrunnlaget. Utsett skatt og utsett skattefordel er presentert netto i balansen.

Utsett skattefordel balanseførast berre i den grad det er sannsynleg at det vil vera framtidig skattepliktig overskot som er stort nok til å nyttiggjere seg av skattefordelen anten ved at eininga har synt overskot nyleg eller ved at det er identifisert eigendeler med meirverdier.

Då eigedomane er eid gjennom egne aksjeselskap, vert det ikkje satt av for utsett skatt på meirverdi ved oppkjøp.

Salsinntekter vurderast til verkeleg verdi av vederlaget, netto etter frådrag for meirverdiavgift, returar og kjøpebonus. Inntekt frå sal av varer resultatførast når produkta er levert til kunden og det ikkje er uoppfylte plikter som kan påverka kunden sin aksept av levering.

Driftskostnader resultatførast i same periode som tilhøyarande inntekt.

Konsernrekneskap / konsolidering / eliminering: Konsernrekneskapen inkluderar Coop Hordaland SA og Coop Eiendom Vest AS og selskap som Coop Hordaland SA og Coop Eiendom Vest AS har bestemmende kontroll over. Bestemmende kontroll oppnåast normalt når konsernet eig meir enn 50 % av aksjane i selskapet, og konsernet er i stand til å utøva faktisk kontroll over selskapet. Minoritetsinteresser inngår i konsern sin eigenkapital. Transaksjonar og mellomverande mellom selskapa i konsernet er eliminert. Konsernrekneskap er utarbeidd etter einsartede prinsipp, ved at dotterselskap fylgjer dei same rekneskapsprinsippa som morselskapet.

Oppkjøpsmetoden er nytta ved rekneskapsføringa av verksemdssammenslutningar. Oppkjøpsmetoden inneber:

- a) identifikasjon av overtakande part,
- b) identifikasjon av oppkjøpstidspunkt,
- c) måling og tilordning av anskaffingskost og
- d) regnskapsføring av goodwill eller negativ goodwill.

Anskaffingskost tilordnast identifiserbare eigendelar og plikter til verkeleg verdi på oppkjøpstidspunktet, med goodwill som ufordelt differanse.

Verkeleg verdi vert berekna ut i frå estimert verdi på eigendelar og pliktar ved sal mellom viljuge, velinformerte partar.

Goodwill vert oppført med både majoriten og minoriteten sin andel.

Meir-/mindreverdiar som er identifisert ved konserndanninga, resultatførast over same periode og etter same prinsipp som den underliggende eigendelen eller plikta.

Selskap som er kjøpt eller seld i løpet av året inkluderast i konsernrekneskapen frå det tidspunktet ein oppnår kontroll og inntil kontroll opphøyrer.

Tilknytt selskap er einingar kor konsernet har betydeleg (men ikkje bestemmende) kontroll, over den finansielle og operasjonelle styringa (normalt ved eigenandelar på mellom 20 % og 50 %). Konsernrekneskapen inkluderar konsernet sin andel av resultat frå tilknytta selskap rekneskapsført etter eigenkapitalmetoden frå det tidspunktet betydeleg kontroll oppnåast og inntil slik innflytelse opphøyrer.

Når konsernet sin tapsandel overstig investeringa i eit tilknytt selskap, reduserast konsernet sin balanseførte verdi til null og ytterlegare tap rekneskapsførast ikkje med mindre konsernet har ei plikt til å dekke dekka tapet.

Driftstilskota resultatførast samstundes med den inntekta det skal auka eller kostnaden det skal redusa. Resultatføring av tilskot skjer fyrst når det er sannsynleg at betingelsane for tilskotet er eller vil verta oppfylt.

Kontantstraumoppstilling er utarbeidd etter den indirekte metode i samsvar med NRS(F) Kontantstraumoppstilling. Posten Kontantar og kontantekvivalentar omfattar kontantar, bankinnskott og andre kortsiktige, likvide plasseringar som umiddelbart og med uvesentlig kursrisiko kan konverteres til kjente kontantbeløp, og med forfallsdato kortere enn tre måneder frå anskaffingstidspunktet.

Rente Swap: Konsernet si renterisiko er knytta til langsiktige lån. Lån med flytande rente i underkonsernet Coop Eiendom Vest er eksponert for variabilitet i kontanstraumane. For å redusera denne eksponeringa, benyttar underkonsernet renteswaper kor flytande rente mottakast og fast rente betalast. Dersom kriteria for sikringsbokføring er oppfylt inngår desse renteswapene og låna i ein kontantstraumsikring for rekneskapsmål.

Kontantstraumsikring reflekterast ved at realiserte og urealiserte vinster og tap på sikringsinstrumentet ikkje resultatførast før det underliggjande sikringsobjektet påverkar resultatrekneskapen. Det skjer inga rekneskapsføring av sikringsinstrumentet før dette tidspunkt. Urealisert gevinst på renteswap pr.31.12.21 er MNOK 8,4.

Strømsikring: Coop Hordaland SA inngår i eit innkjøpslag for straum som blir administrert gjennom Coop Norge SA. Innkjøpslaget kjøper straum til spot på Nordpool, og sikrar ein del av kjøpa ved terminkontraktar. Lagets del av terminkontraktar på straum blir klassifisert som sikringsinstrumenter som er ei sikring av ein sannsynleg framtidig transaksjon (kontantstraumssikring). Endring i verkeleg verdi på terminkontraktar som kvalifiserer som sikringsinstrument i kontantstraumsikring rekneskapsføres ikkje.

Urealisert gevinst eller tap framkjem som differansen mellom historisk kost for dei aktuelle terminkontraktane, målt opp mot dei aktuelle terminkursa ved kjøp av terminkontraktar med identisk forfall - som målt på balanse-dagen. Urealisert gevinst på lagets del av terminkontraktar på straum pr 31.12.21 er MNOK 5,4.



Note 2 Lønskostnad, tal på tilsette, godtgjerslar, lån til tilsette mm.

Lønskostnad (Tal i heile tusen)	MORSELSKAP		KONSERN	
	2021	2020	2021	2020
Løn	352 092	346 762	352 092	346 762
Folketrygdavgift	51 223	48 896	51 223	48 896
Pensjon	12 520	10 761	12 520	10 761
Andre ytingar	4 379	5 433	4 379	5 433
Sum	420 214	411 851	420 214	411 851

Antall årsverk sysselsatt i 2021 var 718, tilsvarende for 2020 var 712.

Ytingar til leiande personar (Tal i kroner)	Løn	Pensjonskostnader	Anna godtgjersle
Administrerande direktør	2 635 453	346 762	352 092
Styret	816 250	48 896	51 223
Andre tillitsvalde	794 950	10 761	12 520

Etter gjeldende satser mottar styreleder kr. 180.000 i årlig honorar, nestleder i styret kr. 100.000 og hvert av styremedlemmene for øvrig samt 1. vara-medlemmene kr. 80.000 hver i årlig honorar.

Lån og garantiar til fordel for : (Tal i kroner)	Lån	Garantiar
Tilsette, andelseigarar, medlemar av styret, kontrollkomite og valkomite	0	0

Det foreligg ikkje avtalar om bonus til administrerande direktør eller medlem av styret. Administrerande direktør har seks månadar etterløn.

Revisor (Tal i heile tusen)	MORSELSKAP		KONSERN	
	2021	2020	2021	2020
Lovpålagt revisjon	705	800	943	1 032
Andre attestasjonstenester	127	107	127	107
Andre tenester utanfor revisjonen	1 085	1 046	1 344	1 309
Sum	1 918	1 953	2 414	2 448

Note 3 Varige driftsmidlar

Morselskap (Tal i heile tusen)	Tomter	Bygningar og anna fast eigedom	Driftslausøyre, inventar, verktøy o.l.	Anlegg under utførelse	Sum
Anskaffelseskost 01.01.21	16 048	157 338	609 456	16 925	799 767
Tilgang kjøpte driftsmidlar	-	4 077	78 694	-10 073	72 698
Avgang	-	87	8 124	-	8 212
Anskaffelseskost 31.12.21	16 048	161 328	680 026	6 852	864 254
Akkumulert avskrivning 31.12.21	-	80 806	472 304	-	553 110
Netto akkumulert nedskrivning 31.12.21	-	-	-	-	-
Avskrivningar og nedskrivningar 31.12.21	-	80 806	472 304	-	553 110
Bokført verdi pr. 31.12.21	16 048	80 522	207 722	6 852	311 144
Årets avskrivning	-	4 691	48 318	-	53 009
Økonomisk levetid	-	30 år	3-10 år	-	-
Avskrivningsplan	-	Lineær	Lineær	-	-
Årleg leige av ikkje balanseførte driftsmidlar	-	130 927	-	-	130 927

Konsern (Tal i heile tusen)	Tomter	Bygningar og anna fast eigedom	Driftslausøyre, inventar, verktøy o.l.	Sum
Anskaffelseskost 01.01.21	154 393	528 232	637 323	1 319 948
Tilgang kjøpte driftsmidlar	-	-3 448	78 952	75 504
Avgang	-	87	8 124	8 212
Anskaffelseskost 31.12.21	154 393	524 697	708 150	1 387 240
Akkumulert avskrivning 31.12.21	-	174 133	476 753	553 110
Netto akkumulert nedskrivning 31.12.21	-	6 000	23 350	-
Avskrivningar og nedskrivningar 31.12.21	-	180 133	500 103	553 110
Bokført verdi pr. 31.12.21	154 393	344 564	208 047	311 144
Årets avskrivning	-	15 265	48 550	63 815
Økonomisk levetid	-	30-50 år	3-10 år	-
Avskrivningsplan	-	Lineær	Lineær	-

Note 4 Partsinnskot i Coop Norge SA

Coop Hordaland SA er medlem i Coop Norge SA som er samyrkjelaga sin fellesorganisasjon.

Partsinnskotet i Coop Norge SA er fastsett til kr. 75.000,- ved innmelding og deretter aukar partsinnskotet årleg med 25 % av summen Coop Norge SA kvart år betalar ut i kjøpeutbytte. Plikta til å auke partsinnskotet fell vekk dei åra Coop Norge ikkje gjev kjøpeutbytte. Ansvarer for Coop Norge sine plikter er avgrensa til partsinnskotet. Rente på partsinnskotet er avgrensa.

Note 5 Aksjar og partar i andre føretak m.v. samt ansvarleg lån

Morselskap (Tal i kroner)	Resultat	Eigenkapital	Eigerandel	Kostpris	Balanseført verdi på aksjar	Ansvarleg lån
Osøyro	-	-	-	4 000	4 000	-
Fjord Line AS	-	-	-	2 000	2 000	-
Reisemål Destinasjon Hardanger	-	-	0,8 %	8 000	8 000	-
Ulvik Nærings- utvikling AS	-	-	-	5 000	5 000	-
L.O.G	-	-	-	500	500	-
DnB NOR ASA	-	-	-	58 926	58 926	-
Borgstova i Vik	-	-	25,0 %	15 000	1	-
Coop Eiendom Vest AS	12 597 465	94 688 570	100,0 %	148 032 857	148 032 857	32 042 453
Hardangervegen AS	-	-	-	0	5 000	-
Hardangerbadet AS	-	-	-	59 829	59 829	-
Hardangerbadet Eigedom AS	-	-	-	500 000	500 000	-
Coop Hordaland Eiendom AS	20 691 784	460 084 215	50,0 %	130 000 000	208 144 000	-
Åsane Energi AS	-1 416 118	5 391 516	50,0 %	5 409 118	5 409 118	251 365
Åsane Bolig AS	-133 896	24 857	25,0 %	4 460 000	0	125 000
Sum dotterselskaper	-	-	-	288 555 230	362 229 231	-

Coop Hordaland har gitt ansvarleg lån til CEV Skulestadmo AS og Vaksdal Senter AS på kr. 8 027 953. I tillegg har Coop Hordaland gitt eit ansvarleg lån til Vestlundveien 9 AS og Kvassnesveien Utvikling AS på kr. 29 422 198.

Note 6 Varer

Varer (Tal i heile tusen)	MORSELSKAP		KONSERN	
	2021	2020	2021	2020
Innkjøpte handelsvarer	325 150	294 880	325 150	294 880
Sum	325 150	294 880	325 150	294 880
Nedskrivning for ukurans	23 804	21 532	23 804	21 532

Note 7 Balanseført verdi på fordringar med forfall seinare enn eitt år

Fordringar (Tal i helie tusen)	MORSELSKAP		KONSERN	
	2021	2020	2021	2020
Andre fordringar	9 735	9 518	9 735	9 518
Ansvarleg lån til tilknytta selskap	69 869	69 864	14 315	10 242

Note 8 Medlem

Eigarstruktur: Coop Hordaland SA er ei medlemseigd verksemd med 159 939 medlemmer pr. 31.12.21

Note 9 Eigenkapital

Morselskap – eigenkapital (Tal i heile tusen)	Ansvars- innskot	Felleseigd ansvarskap.	Reserve- fond	Fond for kjøpeutbyte	Annan EK	Sum
Eigenkapital 01.01.21	45 359	20 926	22 821	35 317	246 579	371 002
Årets endring i eigenkapital:						
Auka medlemsinnskudd	2 605	-	-	-	-	2 605
Årets resultat	-	-	-	-	79 633	79 633
Eigenkapital 31.12.21	47 964	20 926	22 821	35 317	326 209	453 240

Hvert medlem hefter for kr. 300,- som er ansvarsinnskudd etter ny ordning. Beløpet innbetales ved innmelding. Eldre medlemskap kan hefte for beløp som er mindre enn kr. 300,-.

Renter av ansvarsinnskudd godskrives medlemmene, men bare når overskuddet tillater det. Valgbar til styrende organer er den som er myndig, har vært medlem minst 6 månader, betalt ansvarsinnskudd og handlet for minst kr 8.000,- de siste seks måneder eller minst kr 16.000,- de siste tolv måneder.

Konsern – eigenkapital (Tal i heile tusen)	Ansvars- innskot	Fond	Minoritet	Sum
Eigenkapital 01.01.21	45 359	321 557	540	367 456
Årets endring i eigenkapital:				
Auka medlemsinnskot	2 605	-	-	2 605
Årets resultat til majoritet	-	86 122	-	86 122
Årets resultat til minoritet	-	-	-192	-192
Eigenkapital 31.12.21	47 964	407 679	348	455 991



Note 10 Pensjonskostnader, -midlar og -pliktar


Samansetjing av samla pensjoner og pensjonspliktar: Selskapet er pliktig til å ha tenestepensjon etter lov om obligatorisk tenestepensjon.

Selskapets pensjonsordninger tilfredsstiller lova sine krav. Hovedpensjonsordningen som er ein tilskotsplan omfattar 1023 personer og kostnadsførast etter kvart som premien påløp. Styret stadfester at ordinga tilfredsstiller lova sine krav.

Totale pensjonsordningar har følgjande kostnader:

Pensjonskostnad	2021	2020
(Tal i heile tusen)		
Pensjonskostnad tilskotsplan	6 782	5 236
Pensjonsforpliktelse	205	-1 661
Avtalefesta pensjon	5 370	5 171
Arbeidsgiveravgift av øvrige pensjonsordningar	1 742	1 233
Sum pensjonskostnad	14 100	9 979

Laget og tidlegare administrerande direktør har inngått avtale om pensjonsutbetalningar i perioden 01.07.2022 til 30.06.2027. Pr 31.12.2021 er det satt av kr 8 160 000, inkludert arbeidsgivaravgift,



Note 11 Skattekostnad

Betalbar skatt kjem fram slik:	MORSELSKAP		KONSERN	
(Tal i heile tusen)	2021	2020	2021	2020
Ordinært resultat før skattekostnad	104 483	104 091	110 578	100 016
Permanente skilnader	2 489	2 031	-4 523	-936
Endring mellombels skilnader	2 712	8 288	5 902	10 928
Avgitt konsernbidrag		-5 516		
Nytta framførbart underskot og godtgjersle				
Grunnlag betalbar skatt	109 684	108 894	111 957	110 008
Skatt 22%	24 130	23 957	24 631	24 202
Betalbar skatt på årets resultat	24 130	23 957	24 631	24 202
Resultat før skattekostnad	104 483	104 091	110 578	100 016
Skatt 22 % av resultat	22 986	22 900	24 327	22 004
Resultatført skatt	24 850	24 606	24 648	23 057
Avvik	-1 864	-1 706	-321	-1 054
Skatt på formue	-1 376	-1 259	-1 376	-1 259
Avrekning fjorårets skatter	60	0	60	-
Skatt på permanente skilnadar	-548	-447	995	206
Virkning av endring skattesats utsatt skatt	0	0	-	
Sum avvik	-1 864	-1 706	-321	-1 054
Årets skattekostnad kjem fram slik:				
Betalbar skatt på årets resultat	24 130	23 957	24 631	24 202
Formuesskatt	1 376	1 259	1 376	1 259
Avrekning fjorårets skatt	-60	-	-60	-
Tilbakeføring avsatt skatt tidlegare år	-	-	-	-
Skatt på konsernbidrag		1 213	-	
Brutto endring utsett skattefordel	-597	-1 823	-1 298	-2 404
Årets totale skattekostnad	24 850	24 606	24 648	23 057
Spesifikasjon av grunnlag for utsett skatt/utsett skattefordel:				
Forskjeller som utlikna:				
Anleggsmidlar	-43 078	-42 129	-26 172	-22 828
Omlaupsmidlar	-23 804	-21 532	-23 804	-21 532
Utestående fordringar	-250	-389	-1 963	-1 496
Gevinst og tapskonto	8 521	10 652	9 253	11 566
Rekneskapsmessige avskrivingar	-	-2 500	-	-2 500
Pensjoner	-8 160	-8 160	-8 160	-8 160
Underskot til framføring	-	-	-6	-
Sum	-66 771	-64 059	-50 852	-44 950
Utsett skattefordel	-14 690	-14 093	-11 187	-9 889

Skattesatsen er 22 % i 2021. Effekt på balanseført verdi på utsett skattefordel inngår som endring i utsett skattefordel. Utsett Skatt er berekna med 22 %. Utsett skattefordel balanseførast da det er sannsynleg at framtidig skattepliktig overskot er stort nok til at ein kan nyttegjera seg av skattefordelen.

Note 12 Mellomverande med nærstående

Morselskap	2021	2020
(Tal i heile tusen)		
Kundefordringar		
Foretak i same konsern	148	-13
Tilknytta selskap	54	12
Sum	202	-1
Andre fordringar		
Foretak i same konsern	73 421	59 622
Tilknytta selskap	14 315	17 734
Sum	87 736	77 356
Leverandørgjeld		
Foretak i same konsern	5 885	876
Tilknytta selskap	74	4 142
Sum	5 959	5 017
Øvrig Gjeld		
Foretak i same konsern	12 722	12 443
Tilknytta selskap	-	-
Sum	12 722	12 443



Note 13 Pantstillingar og garantiar m.v.

	MORSELSKAP		KONSERN	
(Tal i heile tusen)	2021	2020	2021	2020
Bokført gjeld som er sikra ved pant o.l.:				
Gjeld til kredittinstitusjonar	-	-	225 600	235 200
Anna langsiktig gjeld	767 409	564 831	767 409	564 831
Sum	767 409	564 831	993 009	800 031
Bokført verdi av eiendeler som er beheftet med pant				
Driftslausøyre, inventar, verkty, maskiner	207 722	181 214	207 722	181 214
Bygningar	96 570	81 138	297 607	205 624
Totalt	304 292	262 352	505 329	386 838

Note 14 Bankinnskot

Bankinnskot, kontanter o.l. omfattar bundne skattetrekksmidlar med kr. 12 832 399. Coop Hordaland SA har unytta trekkfasiliteter på kassekreditt på kr. 50 000 000.

Note 15 Medlemsinnskot

Medlemsinnskot er det beløp eit medlem har plassert i laget utover ansvarsinnskotet. Medlemsinnskota er sikra gjennom Samvirkelagenes Garantifond A/L. Coop Hordaland SA har to typer innskotskonti, medlemskonto og høgrentekonto. Høgrentekonto er klassifisert under langsiktig gjeld og medlemskonto er klassifisert under kortsiktig gjeld. I samsvar til Garantifondet si vilkår for garanti ligg rentesatsane på dei to kontoane innanfor dei maksimale rentesatsane som Samvirkelagenes Garantifond A/L godkjenner på medlemane sine låneinnskot.

Note 16 Anna kortsiktig gjeld

Anna kortsiktig gjeld inneheld følgjande: (Tal i heile tusen)	MORSELSKAP		KONSERN	
	2021	2020	2021	2020
Skyldig løn og feriepengar	55 164	54 865	55 164	54 865
Tidsavgrensningar	1 945	2 583	1 945	2 583
Andre gjeldspostar	11 817	25 025	13	8 584
Sum	68 926	82 473	57 122	66 032

Note 17 Langsiktig gjeld

(Tal i heile tusen)	MORSELSKAP		KONSERN	
	2021	2020	2021	2020
Gjeld med forfall meir enn fem år etter rekneskapsårets slutt:	-	-	-	-

Langsiktig gjeld på låneinnskot frå medlemene har ikkje fast forfallsstruktur.

Note 18 Konsernselskaper og tilknyttede selskaper

Følgjande selskap og underkonsern inngår i konsernet Coop Hordaland SA, foruten morselskapet Coop Hordaland SA:



Navn (Tal i heile tusen)	Forretnings- kontor	Eigarandel = stemmeandel	Anskaffelses- kost	Resultat	Eigenkapital
Underkonsernet Coop Eiendom Vest AS består av følgjande selskap:					
CEV AS, morselskap	Bergen	100,0 %		12 597	94 689
CEV Nyborg AS	Bergen	100,0 %	106	1 448	5 180
CEV Kråkenes AS	Bergen	100,0 %	2 902	1 229	4 090
CEV Vadmyra AS	Bergen	100,0 %	106	594	1 897
CEV Fana AS	Bergen	100,0 %	106	1 405	2 199
CEV Sverresplass AS	Voss	100,0 %	22 441	-426	7 512
CEV Skulestadmo AS	Voss	100,0 %	106	1 919	100
CEV Granvin AS	Granvin	100,0 %	106	159	511
CEV Flåm AS	Flåm	100,0 %	168	276	455
CEV Ulvik AS	Ulvik	100,0 %	395	280	739
Vestlundveien 9 AS	Bergen	100,0 %	15 859	-263	10 115
CEV Haukås AS	Bergen	100,0 %	37 757	4 856	180
Torghuset AS	Austrheim	100,0 %	31 246	1 124	6 726
Vaksdal Senter AS	Vaksdal	100,0 %	4 517	-12	-57
CEV Strømme Gård AS	Bergen	100,0 %	30	1	26
Øvrige selskaper i konsernet:					
Vaksdal Senter Utvikling AS	Vaksdal	69,6 %	1 616	-639	1 155

Etter oppkjøpsmetoden, er det for meirverdier på eigendommar i konsernet som er eigd gjennom eigne aksjeselskap, ikkje avsatt for utsett skatteforpliktelse då eventuelt sal av eigedommane vil skje gjennom sal av aksjar. Coop Eiendom Vest AS har i 2021 inngått avtale om sal av alle aksjar i Vestlundveien 9 AS og kjøp av alle aksjar i Landåstorget Næring AS. Avtalane inneheld vilkår som ikkje er oppfylte pr 31.12.2021, slik at risiko og kontroll er ikkje overførte ved regnskapsårets slutt. Dette medfører at effektar av avtalene ikkje er innregnet i rekneskapen for 2021.

Tilknytta selskap som er bokført i konsernrekneskapen etter eigenkapitalmetoden:

Navn (Tal i heile tusen)	Eigarandel	Anskaff- elseskost	Bokført 1/12021	Kapital- endringer	Resultat- andel	Bokført 31/12 2021	Resultat
Kvassnesvegen 3 og 5 AS	50%	7 152	155	-	68	224	135
Borgstova i Vik	25%	15	-	-	-	-	-
Coop Hordaland Eiendom AS*	50%	53 500	199 125	3 500	10 773	213 398	20 692
Åsane Bolig AS	25%	1 960	-	2 500	-2 533	-	-10 134
Åsaen Energi AS	50%	4 409	1 297	3 658	-708	4 248	-1 416
Sum	-	67 036	200 577	9 658	7 600	217 870	9 277

* Coop Hordaland Eiendom AS eier pr 31.12.2021 100 % av aksjene i Bergen Logistikkbygg AS, Åsane Utvikling AS og Stutttraen AS.

Note 19 Transaksjonar med nærstående partar

Tilknytta selskap til Coop Hordaland SA	Eigarandel
Coop Eiendom Vest AS med dotterselskap	100 %
Kvassnesveien Utvikling AS	50 %
Coop Hordaland Eiendom AS	50 %
Åsaen Energi AS	50 %

Gruppa føreteke fleire forskjellige transaksjonar med tilknytta selskap. Alle transaksjonane er føreteke som del av den ordinære verksemda og til armlengdes prisar. Dei vesentlegste transaksjonane som er føreteke er som følgjer:

- A)** Sal av tenester til Coop Eiendom Vest AS med dotterselskap for henholdsvis MNOK 1,7 i 2021 og MNOK 1,8 i 2020.
- B)** Leige av eigedom fra Coop Eiendom Vest AS med dotterselskap. Totale leigebetalningar utgjorde MNOK 59 i 2021 og MNOK 55,7 i 2020.
- C)** Sal av tenester til Coop Hordaland Eiendom- konsernet på MNOK 1,6 i 2021 og MNOK 1,6 i 2020.

Sjå note 12 for mellomverande i balansen.

Note 20 Salsinntekter

All omsetning skjer frå utsalssteder i regionen Hordaland og dessuten i Vik og Flåm i Sogn.

(Tal i heile tusen)	MORSELSKAP		KONSERN	
	2021	2020	2021	2020
Dagligvare	2 769	2 889	2 769	2 889
Faghandel	291	280	291	280
Bygg	785	786	785	786
Sum salgsinntekter	3 844	3 955	3 844	3 955

Note 21 Hendingar etter balansedagen

Det har ikkje forekomme hendingar etter balansedagen som har betydning for bedømminga av årsrekneskapen eller konsernrekneskapen.



Revisors beretning



KPMG AS
Kanalveien 11
Postboks 4 Kristianborg
5822 Bergen

Telephone +47 45 40 40 63
Fax
Internet www.kpmg.no
Enterprise 935 174 627 MVA

Til generalforsamlinga i Coop Hordaland SA

Melding frå uavhengig revisor

Konklusjon

Vi har revidert Coop Hordaland SA sin årsrekneskap som er samansett av:

- selskapsrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2021, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp, og
- konsernrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2021, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår mening

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav,
- gjev selskapsrekneskapen eit rettvisebilde av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2021 og av resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg, og
- gjev konsernrekneskapen eit rettvisebilde av konsernet si finansielle stilling per 31. desember 2021 og av resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet og konsernet slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

KPMG AS, a Norwegian limited liability company and member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity.

Statsautoriserte revisorer - medlemmer av Den norske Revisorforening

Offices in:

Oslo	Elverum	Mo i Rana	Stord
Ålesund	Finnshuset	Molde	Straume
Årstad	Hammer	Skien	Tromsø
Bergen	Haugesund	Sandnessjøen	Trondheim
Bodø	Knaresund	Sandnessjøen	Tynset
Drammen	Kristiansund	Stavanger	Ålesund



Melding frå uavhengig revisor - Coop Hordaland SA

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvisebilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen er leiinga ansvarleg for å ta standpunkt til selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta, og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvika.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebære samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei mening om effektiviteten av selskapets og konsernets sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidd av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av framleis drift-føresetnaden ved fastsetting av årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet og konsernet ikkje held fram med drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisebilde.
- innhentar vi tilstrekkeleg og formålstenleg revisjonsbevis knytt til den finansielle informasjonen til einingane eller forretningsområda i konsernet for å kunne gi uttrykk for ei mening om den konsoliderte årsrekneskapen. Vi er ansvarlege for å leie, følge opp og gjennomføre konsernrevisjonen. Vi åleine er ansvarlege for vår revisjonskonklusjon.



Melding frå uavhengig revisor - Coop Hordaland SA

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Bergen, 16. mars 2022
KPMG AS

Knut Olav Karlsen
Statsautorisert revisor




Året 2021



I forventningane våre for året, la me til grunn ein omsetningsvekst rundt nivået frå hausten 2020 dei første seks månadene av 2021. Deretter ei gradvis normalisering siste halvår i takt med gradvis oppheving av tiltaksnivå og auka vaksinasjon mot covid i befolkninga.

Normaliseringa tok lengre tid grunna forseinkingar i vaksinasjonen og nye virusvariantar som dukka opp. Store delar av året 2021 handla derfor framleis om beredskap og smittevern, attpåtil i litt mindre skala enn i 2020. Verksemda opplevde noko auka smittetrykk blant dei tilsette fram mot nyttår, men sjukefråværet i 2021 var framleis på eit ok nivå gitt situasjonen elles i samfunnet. Ei heller i 2021, var det tilsette som vart identifisert med smittesporing tilbake til butikkane våre.

Verken i 2020, eller i 2021 har det vore nødvendig å stengja ned butikkar som følgje av påvist smitteutbrot i butikkane. Me fekk derimot eit påbod om å stengja ned alle dei fem byggvarehusa våre som følgje av nasjonale smitteverntiltak i delar av februar.



I denne perioden var det våre digitale «klikk&hent»-løysingar og netthandel som først og fremst sørge for å halda oppe service-nivået ut til kundane og dernest halda omsetninga oppe. Me har i etterkant av denne perioden sett ein vedvarande auke i netthandel innanfor byggjeverar. Auke i netthandel ser me òg innanfor faghandel i andre kjeder.

Det synest klart at pandemien har forsterka ein del av gjeldande samfunnstrendar. Auka bruk av netthandel og klikk&hent-løsningar er ein del av dette biletet. Korleis me betaler er ein annan del. Coops eiga digitale betalingsløysing, Coopay, har fått eit kraftig løft og bruken auka med tett opp til 290 prosent frå starten av pandemien. Betalingstenesta har over ein halv million brukarar nasjonalt, og 1 av 4 av Coops medeigarar betaler no handleturen sin med mobilen.

Auka straumprisar i 2021 reduserte kjøpekrafta til forbrukarar og kundar og har, trass i ulike statlege støtteordningar, sjølvstøtt og påverka omsetning av daglegvare- og byggvare gjennom året. Dette kombinert med lågare tilgang og dermed auka prisar på trevarer og auka fraktkostnader, har dempa oppusningsaktiviteten og redusert omsetninga innanfor byggvare litt i forhold til rekordåret 2020.

For daglegvaresektoren ser me at bortfallet av avgiftene på sjokolade- og sukkervarer, og dessutan alkoholfrie drikkevarer derimot har reduserte prisane ut mot forbrukar kraftig og verka i motsett retning. Det same gjeld for prisnedgangen på frukt og grønt. Begge prisreduksjonar har stimulert til auka volum innanfor kategoriane.


Auka mobilitet i befolkninga, fleire kontordagar og fleire restaurantbesøk har òg jamna ut mange av dei store omsetningsforskjellane me såg i 2020. Typiske turiststader har hatt aukande besøk gjennom året og butikkane våre på desse stadene har nytta godt av dette. I sum vart derfor 2021 nok eitt år med høg omsetningsvekst og svært gode resultat.

Som beskrive over har auka transport- og fraktpriser og auka råvareprisar som følgje av varemangel vore ein del av innkjøpsbiletet og ikkje minst, påverka servicegrad ute i butikk, både innanfor byggvare og daglegvare. Trass i det, kan me sjå attende på ei svært god omsetning og gode resultat i 2021 – ikkje minst på grunn av framleis lange periodar med heimekontor, mindre sosial mobilitet og mange som framleis la feriane sine innanlands.

44
butikkar totalt



7 136 713
rullar med toalettpapir



1 203
medarbeidarar



2 028 622
munnbind selt

159 939
medlemmar



12 108 958
kunder



252 150
sekkar med ved selt



114 428 321
enkeltvarer skanna

268 885
berekraftige handlenett skanna



3 844 138 845
salsinntekt





Medarbeidarar og miljø



Konsernet og selskapet har som mål å vere ein arbeidsplass som trekkjer til seg og held på dyktige medarbeidarar med like rettar og moglegheiter for kvinner og menn.

Styret i Coop Hordaland SA ►



Ved utgangen av 2021 hadde konsernet og Coop Hordaland SA 1.203 tilsette, der alle var tilsett i Coop Hordaland SA. Til saman utgjør dette 718 årsverk.

Balanse mellom kjønn

Likestilling mellom kvinner og menn står sterkt i Noreg, men likevel opplever ein forskjellar i arbeidsmarknaden generelt, medan forskjellane i Coop Hordaland er betydeleg mindre. 54% av våre medarbeidarar er kvinner.

Coop Hordaland SA har 57 % kvinnelege leiarar, ein auke frå 53% i 2020. Fire av sju medleamar i leiargruppa er kvinner. Del av kvinner i leiande stillingar er god på alle nivå. Det er difor ikkje sett i gong spesielle tiltak med tanke på likestilling mellom kjønn i Coop Hordaland SA. Selskapet vil halde fram med å oppretthalde den gode balansen mellom kjønna.

Styret i Coop Hordaland SA er samansett av 6 kvinner og 4 menn, kor både styreleiar og nestleiar er kvinner. Kjønnssfordeling mellom deltidstilsette: 55 % kvinner og 45 % menn.

Det var totalt uttak av 534 veker med foreldrepermisjon i 2021, der kvinner gjennomførte 70,4 % av registrert foreldrepermisjon.

Selskapet vil halda fram arbeidet med å halda oppe den gode balansen mellom kjønna.

Mangfald og likestilling

Me har som mål å vera ein arbeidsplass der det ikkje eksister diskriminering på grunn av etnisitet, nasjonalt opphav, avstamming, hudfarge, språk, religion, livssyn eller nedsett funksjonsevne. Organa til medlems-tillitsvalde og tilsette i Coop Hordaland har nedfelt i vedtekterne sine at begge kjønn skal vera representert i lagets valde organ. Det vert difor ynskja ein kjønns-messig likeverdig representasjon i ulike organ.

Fleire butikkar tilbyr arbeidspraksis og tilrettelagt arbeid for å kunna hjelpe personar som opplever større utfordringar med å komma inn på arbeidsmarknaden. I 2021 omfatta dette 15 personar. Styret vurderer situasjonen som tilfredsstillande, og har derfor ikkje sett det nødvendig å setja i verk spesielle tiltak.

Lønnspolicy

Verksemda policy i lønsspørsmål byggjer på prinsippet om lik lønn for likt arbeid av lik verdi, uavhengig av kjønn.

Verksemda følgjer tariffavtalar gjennom Landsoverenskomsten Virke/HK og Lederoverenskomsten Virke/ Lederne.

Landsovereinskomsten omfatar og regulerer butikkmedarbeidarar og ulike mellomleiarar i butikk og Lederoverenskomsten omfat-

tar leiarar. Når det gjeld leiarar i butikk, vært løn regulerte gjennom lokale lønnsavtalar, der løn er basert på omsetninga i dei respektive butikkane/ varehus og uavhengig av kjønn.

Godgjøring og løn i verksemda skal vera konkurransedyktig, men ikkje lønnsledande og omsynet til moderasjon skal takast vare på.

Gjennom året har det vorte gjennomført lønnskartlegging fordelt på kjønn og bruken av ufrivillig deltid. Det er i denne prosessen ikkje avdekt funn som gjer det naudsynt å iverksette tiltak, men Coop Hordaland vil fortsetje å jobba målretta med å fremja likestillinga ytterlegare. Rapportane frå dei ulike kartleggingane er publisert på coophordaland.no

Spesielle likestillingstiltak


Ein viktig del av medarbeidarundersøkinga vår omhandlar spørsmål om kritikkverdige forhold.

Forhold som har vorte avdekte blir teke alvorleg og blir følgt tett opp vidare i den enkelte butikk/varehus.

Det psykososiale arbeidsmiljøet vert òg kartlagt gjennom dei årlege vernerundane. Vidare blir alle medarbeidarane våre bedt om å forhalda seg til nulltoleransen vår mot trakassering og kritikkverdige forhold gjennom bedriftas etiske retningslinjer.

Det er ikkje sett i verk spesielle likestillingstiltak i løpet av året. Styret ser på at bedrifta gjennom sin policy og sine personaladministrative rutinar oppfyller kravet til likestillingslova. Bedrifta ønskjer god balanse i den kjønnsmessige fordelinga i styraren til bedrifta, råd og utval. Det same gjeld arbeidet med rekruttering av leiarar.

Leiargruppe ►



4 av 7 medleamar i leiargruppa er kvinner



Menneska i Coop Hordaland



Lise Jansen
Extra Eidsvåg

Gjennom ei rekke tiltak har Coop Hordaland fokus på å fremje, ta vare på og verne om sine viktigaste og mest verdifulle ressursar – menneska.

I likskap med resten av samfunnet har Coop Hordaland (CH) stått i ein krevjande pandemi der dei tilsette har vore i front og drifta samyrkelaget sine 44 butikkar, noko dei har greidd på eit makelaust vis.

I denne urolege og uforutseielege tida har leiinga i CH hatt tett og god dialog med både tillitsvalde og hovudverneombod, både i samanheng med beredskapsarbeid og moglege nedstengingar.

I løpet av dei to siste åra har ikkje CH hatt behov for å stenga ned nokre av sine daglegvarebutikkar, eller å permittere verken i bygg- eller daglegvarebutikkane.

– All honnør til alle som har bidrege til å halda hjula i gang. Når me har sett kva som har skjedd i andre bransjar under pandemien, er me utruleg takksame for at arbeidsplassane har vore trygge hos oss. Våre butikk- og varehusjefar har gjort ein framifrå jobb både når det gjeld å drifta butikkane og ikkje minst med å ta vare på dei ansatte på best mulig vis, seier HR-sjef i CH, Beate Thomassen.



«Årets kollega»
Wesedom Teklemariam Ahferom

«Månadens kollega»

Dei tre siste åra har CH gjennomført årlege medarbeidarundersøkingar – dei to siste med til dels strenge tiltakskrav i butikkane som følge av pandemien.

– Eg må medgi at eg var litt usikker på om det var rett å gjennomføre undersøkingane under pandemien, men me konkluderte med at kanskje det var nett då me måtte og burde utføra dei, informerer HR-sjefen.

Med bakgrunn i tilbagemeldingane dei fekk på undersøkinga, konkluderte Thomassen og resten av CH-leiinga med at dei i større grad enn før måtte synleggjera og løfta fram dei gode menneska som jobbar i samyrkelaget.

– Me lanserte difor «Månadens kollega» der alle tilsette kunne sende inn sine forslag og nominere kollegaer dei meinte burde synleggjerast. Me innførte dette våren 2021, og ut året vart 8 strålende tilsette kåra til månedlege vinnarar, fortel Thomassen. «Månadens kollega» synleggjerast på Facebook-sida til CH og får diplom og gavekort.

– Gjennom desse nominasjonsprosessane har det vore tydeleg at det å bry seg om sine kollegaer i kvardagen, støtte og bidra til det kollektive arbeidsmiljøet, vert sett stor pris på.

«Årets kollega»

Då 2021 var omme, kåra CH-juryen oktober-vinnar Wesedom Teklemariam Ahferom til «Årets kollega».

Wesedom har utdanning i antropologi og arkeologi frå Eritrea, og er kyndig i mange språk. Med tidlegare erfaring frå sal og service frå blant anna Scandic Hotel Flesland og som lærarassistent ved Nygård skule, starta Wesedom si arbeidspraksis på Obs Lagunen i juli 2020.

I nomineringane av Wesedom vart det trukke fram kor lærevillig han er, kor stor arbeidskapasitet han har, og kor hyggeleg og grei han er som kollega. «Du er tvers gjennom eit servicemenneske det er kjekt å vera i nærleiken av.»

Wesedom vart tildelt prisen «Årets kollega» under fagdagene for leiarar i butikk i mars 2022.



Årets butikk
Extra Søreide

Årets butikk

Årets butikk i Coop Hordaland 2021 blei kåra på årets fagdager for butikkleiarar. Pokal og diplom blei mottatt av butikksjef Torstein Meland til taktfast klapp og heiarop. Butikken mottek dessutan også pengepremie til sosiale formål for alle tilsette.

Tilrettelegging for gravide

Om mogleiken er til stades, ønsker dei fleste gravide å gå på jobb så lenge som mogleg fram mot fødselen. For jobben handlar om identitet, interesser og meistringskjensle, òg under eit svangerskap.

– Men mange gravide seier ikkje frå om sitt behov for justeringar i sin arbeidssituasjon. Dei kan få dårlig samvit over å ikkje klara jobben fullt ut, og ber heller om sjukemelding enn å belasta kollegaer, fortel Thomassen.

Coop og andre arbeidsgjevarar har plikt til å tilrettelegge arbeidssituasjonen for gravide medarbeidarar.

– Me i Coop Hordaland har difor etablert ein eigen gravid-politikk som er forankra i leiinga i samyrkelaget, samt hos tillitsvalde og verneombud. Dette skal bidra til å gi gravide risikoavklarte og meningsfulle dagar på jobb så langt ut i svangerskapet dei sjølv ønsker, seier HR-sjefen. Ho fortel vidare at fleire prosjekt visar at sjukefråværet blant gravide vert redusert ved god tilrette-

legging, og at fråværet blant gravide i hovudsak er knytta til manglande tilrettelegging, ikkje til sjukdom og plagar knytta til sjølv svangerskapet.

– Løysingane for ein betre arbeidskvardag for gravide ligg ikkje på legekontora, men i verksemdene dei jobbar i. Målet for Coop Hordaland er at voksande magar skal ha det godt på jobb.



Helse, arbeidsmiljø og tryggleik



Sjukefråværet gjennom 2021 låg på 7,0 % totalt sett.

Sjukefråværet over 16 dagar var på 4,6 %, noko som var ein auke på 0,2 prosentpoeng frå 2020 (samstundes trekkjer korttidsfråvær relatert til Covid-19 noko opp).

Me har eit godt samarbeid med Nav og arbeider strukturert og målretta med oppfølging av sjukmelde. Ulike digitale leiarkurs for å styrkje kompetansen vart gjennomført gjennom 2021 som eit alternativ til fysiske samlingar grunna pandemien. Til dømes har webinarar i samhandling med Nav/Arbeidslivssenteret vore gjennomført knytt til psykisk helse. Bedrifta

har òg som eit ledd i likestillingsarbeidet utvikla nye rutinar knytta til svangerskap og helse gjennom konseptet «Gravid i Coop».

Motivasjon og kompetanse til medarbeidar er sentralt for god drift i butikk og god kundeservice. Coop Hordaland set kompetanse høgt og meiner dette er ein stor konkurransefordel i dagens marknad med stadig aukande pris- og marginpress. I 2022 vil me derfor satsa vidare på auka kompetanse i alle delar av verksemda, og då spesielt retta mot leiarar som i 2021. Det er under utvikling eit leiarprogram som omfattar både personleg utvikling, trygging i leiarrollen og drift av butikk.


Berekraft og samfunnsansvar

FNs berekraftsmålsetjing

Coop skal bidra aktivt til FNs berekraftsmål der me meiner me kan gjera størst forskjell. Det er tydeleg samanheng mellom vår eigen strategi og dei utvalde måla og delmål:



Yrkesskadar ►



Coop Hordaland SA hadde i 2021 innmeldte 14 yrkesskadar, mot 9 yrkesskadar i 2020.



Berekraft er eit omgrep som står høgt på dagsordenen i Coop. Kundane og medeigarane våre forventar eit auka fokus på temaet, og Coop Hordaland jobbar målretta med kontinuerlege forbetringar.

Matsvinn og energi er kanskje dei to områda der me som selskap kan bidra med størst reduksjon av miljøfotavtrykket. Gjennom dei siste åra har me mellom anna skifta og oppgradert kjøle-/fryseanlegg som nytta miljøskadelege kjølemedium i stort sett heile butikkporteføljen vår. Me har òg eit høgt fokus på energioptimalisering og innsparing av forbruk av kilowatt-timar (kwt). I 2021 har me gjennom ulike tiltak redusert energiforbruket vårt med 1,8 millionar kwt, noko som gir ei innsparing på 6,7%.

Det vert òg jobba strategisk med å kontinuerleg redusera matsvinnet, og det vert jobba målretta med at ein større mengd av svinnet endar som menneskemat og ikkje dyrefor. Nokre av tiltaka med størst effekt er ein auka del av nedprisa varer, og dessutan at me no har rulla ut Too Good To Go i dei fleste av utsala våre. Gjennom 2021 reduserte me totalsvinnet frå 1,63% i 2020 til 1,52%.

Coop Hordaland jobbar òg målretta saman med Coop Norge om strategien «Eit Berekraftig Coop». Strategien inngår i revidert konsernstrategi som eit strategisk mål for Coop i Noreg. Eit berekraftig Coop definerer berekraft som verksemd som skaper positive verdiar for menneske, miljøet og Coop. Coop Hordaland skal bidra til å at måla i strategien vert nådd gjennom samhandling med fellesorganisasjonen og aktivt arbeid med eigne tiltak.

Eit berekraftig Coop

Strategien «Eit berekraftig Coop» inneheld fem tema som til saman dekkjer heilt sentrale område for Coops arbeid med berekraft:

- **Ei sunnare handlekorg:**

Coop skal gjera det enklare for alle kundar og medeigarar som ønskjer å eta sunt og berekraftig. Ambisjonane for Ei sunnare handlekorg er langsiktige, men likevel målretta. Coop skal vidareutvikla samarbeidet med helsestyresmaktene og følgja opp forpliktingane i Intensjonsavtalen for eit sunnare kosthald.

- **Eit ansvarleg Coop:**

Coop har eit betydeleg ansvar for at varer og tenester me kjøpar blir produserte på ein forsvarleg måte. Openheit om arbeidsforhold og miljøpåverknad er avgjerande for truverdet vårt som ein leiande handelsaktør, og er samtidig avgjerande for risikohandteringa vår. Coop vil setja inn ein offensiv for å sikra at me som minimum er i paritet med Åpenhetsloven som trer i kraft i 2022, men også vidareutviklar arbeidet vårt med ansvarlege innkjøp.

- **Eit sirkulært Coop:**

Sirkulær økonomi er eit sentralt omgrep i berekraftsstrategien vår. Me skal forbetra bruken av emballasje gjennom emballasjestrategien vår, auka sorteringsgrada på avfallet vårt og samtidig redusera matsvinnet. Me skal utvikla tenester for deling, reparasjon og resirkulering. På klimaområdet vil energi- og transporteffektivisering og eigenproduksjon av energi stå i fokus.

- **Ein miljøvennleg heim:**

Coop skal aktivt bidra til auka sirkularitet og redusert miljø- og



klimabelasting for medeigarane og kundane våre. Målsetjinga er at produkta me sel skal redusera energi- og ressursforbruk i heim og fritidsbustader landet rundt, mellom anna gjennom meir energieffektive løysingar og meir berekraftige materiale; til dømes oppussing, eller ulike kvardagsprodukt.

- **Eit mangfaldig Coop:**

Coops eigarskap kjem frå alle samfunnslag og landsdelar, har ulik bakgrunn, utdanning, etnisitet og legning. Me skal styrkja Coop som arena for likestilling, integrering og reduserte sosiale forskjellar. Eit endå meir mangfaldig Coop vil òg vera avgjerande for vår eiga utviklings-evne og for dei kommande økonomiske resultata våre. Styrkt mangfald handlar derfor òg om å tiltrekkja dei skarpaste hovuda og dei mest motiverte medarbeidarane.

Coop Norge SA er den viktigaste samarbeidspartnaren til samvirke-laga for å bidra til ei meir berekraftig verksemd. Coop Hordaland viser til Coop Norge SAs Års- og berekraftsrapport som beskriv status og resultat for arbeidet med berekraft i Coop-fellesskapet. Rapporten og ytterlegare informasjon finst på:

www.coop.no/coop-og-berekraft

Omsyn for menneske, miljø og samfunn



Med over 1,9 millioner medeigarar har me i Coop i Norge mogleiken til å utgjera ein reell skilnad ved å ta ansvar, samt utføre og oppmode til lokale og nasjonale tiltak som kjem menneske, miljøet og samfunnet til gode.





Coop ryddar Noreg

Våren 2021 arrangerte Coop Hordaland (CH) den lokale versjonen av ryddeaksjonen Coop rydder Norge, der heile 250 Coop-butikkar over heile landet deltok. Til saman fjerna kundar, medeigarar og Coop-tilsette utrulege 26 tonn plast frå naturen.

Dei 11 butikkane i samyrkelaget til CH som deltok, sørga for at rundt 1 tonn plast no ikkje lenger er på avveggar, men fann vegen til Norsk Gjenvinning. Berre OBS Sartor og OBS Lagunen åleine samla inn nær 0,5 tonn til saman.

Den nasjonale ryddeaksjonen Coop ryddar Noreg vert mobilisert for å bidra til å løyse eit av verdas største miljøproblem—plast-forsøpling i naturen. Aksjonen vert gjennomført i samarbeid med Hold Norge Rent og Retura. Born, foreldre, besteforeldre og vener som ynskjer å bidra, henter gratis ryddeutstyr og kan utan kostnad levere innsamla avfall i utvalde Coop-butikkar over heile Noreg.

Rosa Sløyfe-aksjonen

Målet med Rosa Sløyfe-aksjonen er å visa solidaritet med dei som er ramma av brystkreft, spre informasjon, auke kunnskap om brystkreft, og sjølvstøtte støtte brystkreftforeninga. Coop Norge er stolt hovudpartnar til aksjonen, og oppmodar sine tilsette til å delta på lokale Rosa Sløyfe-løp som vert arrangert i oktober kvart år.

Tirsdag 5. oktober fann vår lokale 2021-versjon av Rosa Sløyfe-løpet stad midt i Bergen sentrum. Her stilte heile 140 tilsette i CH til start—utrulege 11,7 prosent av samyrkelaget sine tilsette. Dette gjorde at CH var samyrkelaget som nasjonalt stilte med nest flest tilsette på årets løp.

Totalt sprang 1.300 Coop-tilsette Rosa Sløyfe-løpet i 2021, noko som gjorde at 1 av 9 deltakarar var ein Coop-tilsett. Dei mange deltakarane frå vårt nasjonale samyrkelag utløyste dermed ein donasjon på over 200.000 kroner.



Visste du at ...?

Coop Hordaland delte ut heile 6.862 draktar og idrettsplagg med Coop-logo på:

- 1314 draktar
- 1314 shorts
- 2628 strømper
- 146 keepersett
- 146 lagleiartrøyer
- 1314 markeringsvestar

Forutan deltaking frå tilsette i lokale løp, gjennomfører kvar enkelt Coop-butikk samstundes fleire tiltak til inntekt for Rosa Sløyfeaksjonen. Coop donerer blant anna i oktober 1 prosent av alt sal av frukt og grønt, 2,50kr for kvart selde produkt frå ei rekke leiande produsenter av hygiene- og reinhaldprodukter, samt sal av reine donasjonsvarer som handlenett, refleksar, pins og antibac.

Desse butikktiltaka samt dei tilsette si løpsdeltaking gjorde at Coop Norge for andre året på rad hadde den store og stolte gleda av å kunne donere over 10 millionar kroner til


20 år med Draktkampanjen

For mange born og unge er kjensla av å høyre til det aller viktigaste i oppveksten, noko mange av dei får ved å delta i lagidrett. Ein vert ein del av ein gjeng, ein flokk, eit lag. Drakta er på mange måtar eit fysisk bevis på at nokon har tru på deg.

2021 var det tjuande året Coop gjennomførte Draktkampanjen, kor det vart delt ut 20.000 draktsett til born og unge over heile landet. Coop Hordaland fekk 117 søknadar frå lokale idrettslag, og 73 vart trekte ut som vinnarar. Jentelaget til Sotra Sportsklubb var eitt av sju lag som vart invitert til ein lokal Coop-butikk for å ta imot laget sitt nye, gratis draktsett.

Eit berekraftig Coop

Me i Coop har tungt fokus på berekraftig drift av våre butikkar. Vår berekraftstrategi inneheld mange mål og tiltak for å nå desse måla, slik at våre kundar og tilsette kan handle og utføra sine arbeidsoppgåver med godt og grønt samvit.





Framtidsutsikter

Marknadsveksten innanfor daglegvare gjekk ned med 743 millionar kroner i 2021, ein nedgang på 0,4 prosent mot fjoråret. For 2022 blir det forventa ein betydeleg nedgang i den koronadrevne omsetningsveksten frå 2020 og 2021. Dette gjeld òg for byggjevaresegmentet.

Konkurransebiletet endrar seg raskt og for byggjevaresegmentet ser me no ei større rørsle og fleire nyetableringar i marknaden enn tidlegare. Bransjeglidinga kjem høgst sannsynleg til å halda fram og fleire aktørar innanfor breitt vareutval hentar auka omsetning frå kategoriar tradisjonelle aktørar før har vore aleine om både innanfor byggvare og daglegvare.


Pandemien har òg vore ein ytterlegare inkubator for aktørar med nye digitale forretningsmodellar og heile 18% seier, i ei undersøking frå NielsenIQ, at dei har handla matvarer på nett siste månad. Dette er ein auke på 5 prosentpoeng mot 2020. Den tradisjonelle fysiske butikken vil bestå og fint leva side om side med digital handel. Me forventar likevel ei ytterlegare dreining mot digital handel i åra som kjem.

Me er derfor opptekne av at verksemda blir førebudd både organisatorisk og systemmessig for dette. Verksemda vil vera ein pådrivar til at Coop i Norge saman blir ein konkurransedyktig aktør i det digitale skifte me møter i samfunnet.

I 2021 auka lågpriskjedene til 68,5% ifølgje nemnde undersøking frå NielsenIQ. Dette er ei utvikling me forventar held fram vidare framover. Ei ytterlegare styrking av lågprisposisjonen kombinert med auka prisar på råvarer, emballasje og frakt vil leggja press på lønnsmda. Verksemda vil òg inn i 2022 derfor ha eit sterkt kostnadsfokus for å skapa ei robust og lønnsam drift framover.



Økonomi



Omsetnaden i Coop Hordaland SA fall noko attende frå 3.956 MNOK i toppåret 2020 til 3.844 MNOK i 2021, noko som var som forventa ut frå utviklinga i samfunnet. Konsernet si samla netto driftsinntekt vart MNOK 3 844,1. Samla bruttofteneste for 2021 er på MNOK 801,8. For året totalt endar me på same prosent i høve til 2021 – bruttofteneste på 21,1 % i begge år. I bruttoftenesta inngår òg svin. Arbeidet med matsvin har høg prioritert, og me ser ein reduksjon i svinprosent for tredje året på rad. Samla svin endar på 1,52%, ned frå 1,63% i 2020.

Netto kontantstraum frå dei operasjonelle aktivitetane i konsernet var MNOK 139,8 i 2021 mot MNOK 0,4 i 2020. Netto kontantstraum nytta til investeringar var MNOK -89,7 inneverande år mot MNOK -59,6 i 2020. Investeringane er i all hovudsak nytta til berekraftstiltak, samt nyetableringar, omprofileringar og oppgradering av butikk.

Avskrivningar på balanseførte investeringar i eigedomar, butikkutstyr/-innreiking og anna driftsmateriell enda på MNOK 63,8, ein reduksjon på MNOK 2,6 samanlikna med året før på konsernet. Personalkostnadene i del av sal har auka med 0,5 % frå 2020 til 2021, noko som i stor grad kjem av noko lågare omsetnad, og oppbemanning for å handtera covid-tiltak. Personalkostnadene auka frå MNOK 411,8 til MNOK 420,2 i 2021. Samstundes ser me ein reduksjon i andre driftskostnader, kor blant anna reforhandlingar av husleigeavtalar og leverandørkontraktar gjev positive effektar. Behovet for reparasjonar og vedlikehald av utstyr, kjøp og frys har òg minka noko grunna auka fornyingstakt dei seinaste åra. Totalt er andre driftskostnader redusert frå MNOK 288,2 i 2020 til MNOK 283,9 i 2021 for konsernet.

Resultatet i konsernet vart positivt med MNOK 110,6, ein forbetring frå førre år på MNOK 10,6. Resultatet i Coop Hordaland SA vart positivt med MNOK 104,5, ca i tråd med resultatet året før på MNOK 104,1.

Totalkapitalen for Coop Hordaland SA ved utgangen av året var MNOK 1.680, samanlikna med MNOK 1.419 året før. Hovuddelen av auken kjem her av auka medlemsinnskott, noko som har styrka likviditeten betydeleg saman med positiv kontantstraum frå operasjonell aktivitet. Samla er auken i langsiktige medlemsinnskott på MNOK 203 siste året.

Av ein samla totalkapital på MNOK 1.680 pr. 31.12.21 er 72,7 % finansiert med eigenkapital, lang-

siktig bankgjeld eller langsiktig låneinnskott frå medlemmane. Låneinnskotta frå medlemmane har på ei anna side ikkje ein fast avdrags- og forfallsstruktur. Det ventast ein auke i rentemarknaden den kommande tiden, og selskapet følger marknaden tett for å syte for at innskotsrenta til våre medeigarar er konkurransedyktig. Difor reknar ein med at innskotsvolumet vil halda seg også i tida framover. Eigenkapitalsandelen i Coop Hordaland SA er styrka dei siste åra, og aukar frå 26,1% i 2020 til 27,0% i 2021.

Ut i frå dette, ser styret seg nøgd med den finansielle situasjonen i selskapet, og vurderer den finansielle situasjonen i selskapet som god.

Totalkapitalen for konsernet ved utgangen av året var MNOK 2.045. Eigenkapitalen pr. 31.12.21 utgjorde 22,3 % av totalkapitalen, ei solid auke på 3,3 prosentpoeng frå 2019. Etter styret si vurdering er den økonomiske utviklinga og soliditeten i selskapet svært positiv. 34,6 % av balansen i konsernet er investeringar i varige driftsmiddel for å sikra drift i konsernet sine butikkar. Konsernet og selskapet har som målsetjing å oppretthalde ei sterk finansiell handlefridom. Styret er opptatt av at Coop Hordaland SA lukkast med vidare auke i omsetnaden som vil vera avgjerande for framgang i lønsemda saman med høgt kostnadsfokus. Framover må det òg jobbast med ytterlegare forbetringar i svin og generell produktivitet i alle ledd.



2020

2021

3955,6 Mnok



Omsetnad

3844,1 Mnok

20,99%



Bruttovinning

20,99%

10,4%



Lønskost

10,9%

104.091'



104.483'

Fortsatt drift og finansiell risiko

Gjennom gode innkjøpsvilkår og konkurransedyktige priser vert verksemda i stand til å sikra marknadsdelane, og oppgåva er derfor å halda oppe ein vekst som minst er på same nivå som kostnadsveksten. Bedrifta er ikkje direkte påverka av valutarisiko eller råvareprisrisiko, men risiko for aukande prisar på råvarer og leveringstilgang på varer vil òg kunna påverka aktivitetane våre. Risiko er derfor å vurdere som middels. Renterisiko blir påverka av den generelle utviklinga i rente marknaden. Medlemsinnskota blir forrenta til kvar tid fastsette innskotsrente i samvirketelaget. Overskotslikviditet blir plassert til konkurransedyktige vilkår i Coop Norge. Styret vurderer renterisiko- en vår som låg.

Coop Hordaland SA har teikna styreansvarsforsikring. Dekninga gjeld for medlemmer av styret, dagleg leiar og andre tilsette med eit sjølvstendig leiingsansvar. Styreansvarsforsikringa omfattar òg dotterselskap eigd meir enn 50%. Forsikringa dekkjer ansvaret

til sikra for formuesskade som kjem av krav sett fram mot sikra i forsikringsperioden som følgje av ein påstått ansvarsbetinga handling eller unnlating.

Styret meiner at årsrekneskapen gjev eit rettvisebilde av konsernet og selskapet si verksemd og resultat for 2021. Årsrekneskapen er sett opp under føresetnad om at drifta skal halda fram og føresetnaden er vurdert å vera til stades. Styret er ikkje kjent med at det har kome fram opplysningar etter rekneskapsårets slutt som er av vesentleg verdi for vurderinga av konsernet og selskapet si stilling.



Disponering av årets resultat

Coop Hordaland SA hadde i 2021 eit års-
resultat i morselskapet på MNOK 79,6.

Styret foreslår følgjande disponering av
årets resultat:


(Tal i heile tusen)	MORSELSKAP	KONSERN
Overført til anna eigenkapital	79 633	-
Overført til fond	-	86 122
Overført til minoritet	-	-192
Sum overføringar	79 633	85 930

Styret vil takka alle kundar som har handla i butikkane
våre og alle medeigarar som har støtta samvirkelaget
gjennom kjøp og innskot. Styret vil òg takka alle tilsette
i Coop Hordaland SA og medlemsvalde for ein formidable
og flott innsats gjennom nok eit krevjande år.


Bergen, 31. desember 2021 / 9. mars 2022



Hilde Førland
Styreleiar



Trude Jacobsen
Styremedlem
Coop Norge SA



Thomas Samdal
Styremedlem
Valt av medlemmane



Christine F. Johannessen
Nestleiar/Styremedlem
Valt av medlemmane




Jan Ivar Rødland
Styremedlem
Valt av medlemmane



Trygve Lerch Dahl
Styremedlem
Valt av dei tilsette




Cathrine Henriksen
Styremedlem
Valt av tilsette



Ann-Karin Skjønhaug
Styremedlem
Valt av dei tilsette



Lise Jæger
Styremedlem
1. vara valt av medlemmane



Per Henrik Stene
Styremedlem
1. vara valt av dei tilsette



Lise Skarpås
Administrerende direktør

Butikkoversikt



1. Obs Lagunen	16. Coop Marked Granvin	31. Extra Valestrand
2. Obs Sartor	17. Coop Marked Flåm	32. Extra Bønes
3. Obs Vestkanten	18. Coop Prix Strandebarm	33. Extra Blomsterdalen
4. Obs Horisont	19. Coop Prix Norheimsund	34. Extra Manger
5. Obs Bygg Lagunen	20. Coop Prix Melkeplassen	35. Extra Apeltun
6. Obs Bygg Sartor	21. Coop Prix Ytre Arna	36. Extra Vadmyra
7. Obs Bygg Kokstad	22. Coop Prix Prestestien	37. Extra Øystese
8. Obs Bygg Åsane	23. Coop Prix Vaksdal	38. Extra Voss
9. Obs Bygg Midtun	24. Coop Prix Jondal	39. Extra Vik
10. Coop Byggmix Vik	25. Extra Danmarks plass	40. Extra Austevoll
11. Coop Byggmix Øystese	26. Extra Skulestadmo	41. Extra Haukedalen
12. Coop Marked Ålvik	27. Extra Nyborg	42. Extra Søreide
13. Coop Marked Tørvikbygd	28. Extra Nesttun	43. Extra Dalekvam
14. Coop Marked Stanghelle	29. Extra Fana	44. Extra Eidsvåg
15. Coop Marked Ulvik	30. Extra Os	

Leiargruppa i Coop Hordaland
 Frå venstre: Joakim Espeland Pedersen; Driftssjef Coop Hordaland, Lise Skarpås; Administrerende direktør, Ove Bruntveit; Økonomidirektør, Beate Thomassen; HR-sjef, Monica Cesar; Driftssjef Obs Bygg Hordaland, Roald Valestrand; Eige-domssjef, Astrid Fjeldstad; Marknads- og medlemssjef.



The background of the entire page is a close-up photograph of pink cherry blossoms. The flowers are in various stages of bloom, with some showing five distinct petals and others as buds. The branches are dark and thin, crisscrossing the frame. The lighting is soft, creating a gentle, spring-like atmosphere.

coop *Litt ditt*

Coop Hordaland SA
Postboks 73 Nesttun
5852 Bergen